



Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 EIDFJORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Anette Heggøy, 5557 2305

Rapport frå inspeksjon ved avløpsanlegga i Sysendalen, Isdøla og Maurset reinseanlegg i Eidfjord kommune

Kontrollnummer: 2022.265.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Arne Bu (einingsleiar)
Magnus Innvær (sakshandsamar VA)
Nils Heen (driftsoperatør)
Frede Olaussen (driftsoperatør)
Oddmund Hereid (driftsoperatør)
Rebecka Friis (plan)
Anne Kommedal (plan)
Eirin Aasland (miljø)

Frå Sweco Norge AS:

Torstein Dalen (VA og prosjektleiar)
Mari Bratberg (miljørådgjevar)

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Kjell Kvingedal (miljødirektør)
Sissel Storebø (seksjonsleiar)
Anette Heggøy (senioringeniør)

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved avløpsanlegga i Sysendalen, Isdøla og Maurset reinseanlegg i Eidfjord kommune 19. desember 2022. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 2 avvik under inspeksjonen. Statsforvaltaren ser alvorleg på avvika. Spesielt alvorleg er det at Eidfjord kommune i 2022 har heldt fram med å knyte til nye hytter/fritidseigedommar til avløpsanlegga til tross for Statsforvaltaren si tilbakemelding

etter førre tilsyn om at dette vil vere å rekne som eit forsetteleg brot på tiltaksplikta i forureiningslova § 7.

Avvik:

- Reinseanlegga i Sysendalen i Eidfjord kommune oppfyller ikkje krava i forureiningsforskrifta kapittel 14
- Kommunen sin internkontroll har manglar

Avvika er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Sweco Norge v/Mari Bratberg
Sweco Norge v/ Torstein Dalen
Eidfjord kommune v/Arne Bu

1 Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: EIDFJORD KOMMUNE KOMMUNALTEKNISK DRIFT	
Organisasjonsnr.: 976830911	Eigd av: 944227121
Bransjenr. (NACE-kode): 42.110 - Bygging av veier og motorveier	

Kontrollert eining

Namn: Isdøla reinseanlegg Maurset reinseanlegg	Anleggsnr.: 4619.0008.01 4619.0019.01
Kommune: Eidfjord	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -rensing	
Løyve gitt:	Sist endra:

2 Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført som eit oppfølgingstilsyn 19. desember 2022 etter tilsyn med Eidfjord kommune 7. september 2021. Avvika som vart gitt i rapport 2021.416.I.SFVL vart gjennomgått ved tilsynet.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Oppfølging av avvika som vart gitt ved tilsynet 7. september 2021
- Status for mellombelse avbøtande tiltak omtalt i tilbakemeldingane på tilsynsrapporten 10. desember 2021 og 1. februar 2022.
- Status for overvakinga i resipienten
- Status for framdrifta for nytt reinseanlegg i Sysendalen
- Søknad om utsleppsløyve i forkant/parallelt med høyring og vedtak av reguleringsplan for nytt reinseanlegg

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3 Oppfølging etter inspeksjonen

Eidfjord kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan **1. mars 2023** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde. I tillegg må kommunen sende inn opplysningar om nye tilkoplingar til anlegga etablert i 2022, sjå punkt 4 under.

Vi ser alvorleg på avvika som vart avdekte i denne inspeksjonen. Ein del tiltak er gjennomført sidan førre tilsyn, men kommunen har til tross for Statsforvaltaren sine tilbakemeldingar etter førre tilsyn, valt å ikkje retta seg til meldinga om at ny tilknytning til reinseanlegga vil vere eit forsetteleg brot på forureiningslova sine føresegner. Statsforvaltaren ser alvorleg på dette tilhøvet. Bruk av strengare verkemiddel vil bli vurdert.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland.

Gjennomføringa av tiltaka kan bli følgd opp ved ny kontroll.

4 Pålegg om opplysningar

Eidfjord kommune må sende følgjande opplysningar til Statsforvaltaren i Vestland innan **1. februar 2023**:

- Kor mange nye hytter og leilegheiter som er knyta til dei kommunale avløpsanlegga i Sysendalen i løpet av 2022 (vi ønskjer tilkoplingstala oppgitt for kvart av reinseanlegga kvar for seg).
- Kor mange av desse tilkoplingane som hadde fått dei naudsynte løyva frå kommunen før Statsforvaltaren sitt tilsyn i 2021.
- Kor mange tilkoplingar det er gitt løyve til i 2022, men som endå ikkje er tilkopla.

Pålegget er gitt med heimel i forureiningslova § 49.

Klagerett

De har rett til å klage på pålegg om opplysningar dersom de meiner at de ikkje har plikt eller løyve til å gi slike opplysningar. Ein klage bør grunngjevast, og han skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland seinast **tre dagar** etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 14. Ein klage kan vere både skriftleg og munnleg.

5 Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til Eidfjord kommune den 10. november 2022. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Eidfjord kommune betale eit gebyr på 35 000 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

6 Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp*, www.norskeutslipp.no.

7 Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1:

Reinseanlegga i Sysendalen i Eidfjord kommune oppfyller ikkje krava i forureiningsforskrifta kapittel 14

Avvik frå:

- Forureiningsforskrifta kapittel 14
 - § 14-7 (reinsekav for utslepp til normalt område)
 - § 14-10 (Utforming og drift av reinseanlegg)
- Forureiningslova § 7

Kommentarar til regelverket:

Forureiningsforskrifta kapittel 14

Maurset og Isdøla reinseanlegg har løyve frå 1997, i si tid gitt av Fylkesmannen i Hordaland. Desse løyva er utdaterte og ikkje i tråd med gjeldande regelverk. Forureiningsforskrifta § 13- 18 og § 14-17 angir kva krav som gjeld for anlegg omfatta av kapittel 13 og kapittel 14, med løyver gitt i medhald av forureiningslova før 1. januar 2007.

Tilførslane frå hytteområda i Sysendalen som er knyta til dei kommunale avløpsanlegga Maurset og Isdøla reinseanlegg er i dag totalt på meir enn 2000 pe og er difor omfatta av krava gitt i forureiningsforskrifta kapittel 14.

Forureiningsforskrifta § 14-5 og § 14-9 til § 14-14 erstattar løyva sine krav til avløpsnett, overvaking, utforming og drift av reinseanlegg, prøvetaking, analyse, vurdering av analyseresultat og varsling av avvik frå reinsekrav. § 14-6 til § 14 -8 erstattar krav til reinsing. Både Isdøla og Maurset reinseanlegg har utslepp til ferskvassresipient som i forskrifta er karakterisert som normalt område. Anlegga er difor omfatta av reinsekrava i forureiningsforskrifta § 14-7.

Forureiningslova § 7

Forureiningslova § 7 seier at ingen må ha, gjere eller setje i verk noko som kan medføre fare for forureining utan at det er lovleg etter §§ 8 eller 9, eller tillate etter vedtak i medhald av § 11. Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova skal den ansvarlege sørge for tiltak for å hindre at den oppstår. I tilfelle der forureininga allereie har oppstått skal den ansvarlege sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga.

Avviket er basert på følgjande:

Oppnåing av reinsekrav (forureiningsforskrifta § 14-7)

Ut frå prøveresultat rapportert i samband med eigenkontrollrapporteringa oppnår verken Maurset eller Isdøla reinseanlegg reinsekrava i forskrifta om fosforfjerning og sekundærreinsing.

Avbøtande tiltak (forureiningslova § 7)

I tilsynsrapporten av 14. oktober 2021 påla Statsforvaltaren Eidfjord kommune å informere om kva mellombels tiltak kommunen ville gjere for å avbøte situasjonen og betre reinsinga ved eksisterande reinseanlegg inntil nytt reinseanlegg er bygd og driftssatt. Dette i samsvar med tiltaksplikta i forureiningslova § 7. Eidfjord kommune gav tilbakemelding på at det viktigaste tiltaket ved Isdøla reinseanlegg var å redusere innlekking til leidningsnettet oppstrøms reinseanlegget. Det er mellom anna store innlekkasjar ved Fossli Hotel. Kommunen har ikkje kome i mål med dette arbeidet. Kommunen har også hatt eit kartleggingsprosjekt for leidningsnettet i Sysendalen som har stoppa opp og ikkje blitt ferdigstilt.

Dimensjonering og drift (forureiningsforskrifta § 14-10 og forureiningslova § 7)

Maurset og Isdøla reinseanlegg si dimensjonering har ikkje blitt utvida i takt med hytteutbygginga i Sysendalen. Reinseanlegga er difor i dag betydeleg overbelasta. Ved tilsynet i

2021 kom det fram at kapasiteten på reinseanlegga ikkje har blitt teke omsyn til i samband med planlegging, bygging og tilknytning av nye hytter i Sysendalen.

Ved tilsynet kom det fram at Eidfjord kommune framleis ikkje tek omsyn til at ny tilknytning til dei eksisterande avløpsanlegga er ulovleg. I året som har gått sidan Statsforvaltaren sist var på tilsyn, har det blitt knyta til fleire nye hytter til avløpsanlegga. Dette til tross for Statsforvaltaren si tilbakemelding ved førre tilsyn om at dette er i konflikt både med forureiningsforskrifta § 14-10 og forureiningslova § 7.

Oppsummering

Statsforvaltaren vil igjen presisere at overskriding av dimensjonerande kapasitet og auke av tilførselar til eit anlegg som ikkje oppnår forskriftskrava til reinseeffekt, medfører fare for forureining utover det som er lovleg etter forskrift eller tillate etter vedtak, jf. forureiningslova § 7 første ledd. Fram til Eidfjord kommune har utbetra avløpstilhøva, er kommunen i brot med forureiningsforskrifta kapittel 14 og forureiningslova § 7. Dette betyr at kommunen ikkje kan tillate nye påslepp til eksisterande anlegg så lenge anlegga ikkje oppfyller reinsekrava i forureiningsforskrifta. Vi viser også til kommunen si tiltakspålykt ved fare for forureining, jf. forureiningslova § 7 andre ledd.

Til tross for tilbakemeldingar på dette tilhøvet ved førre tilsyn, har Eidfjord kommune valt å halde fram med å knyte til nye hytter til dei eksisterande avløpsanlegga i Sysendalen også i 2022. Dette er eit forsetteleg brot på forureiningslova. Statsforvaltaren ser alvorleg på tilhøvet.

Avvik 2:

Kommunen sin internkontroll har manglar.

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 og 7

Kommentarar til regelverket:

Internkontrollforskrifta gir reglar om kva arbeidet med det systematiske HMS-arbeidet i kommunen skal omfatte, og kva som skal dokumenterast skriftleg.

Miljørisikovurderingar og handlingsplanar (§ 5 punkt 6)

I samsvar med internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6, skal det gjennomførast miljørisikoanalyse av verksemda. Analysen skal kartlegge fare og problem med omsyn til ytre miljø, og verksemda skal på bakgrunn av dette vurdere risiko. På bakgrunn av risikoanalysen skal det utarbeidast handlingsplanar og tiltak skal gjennomførast for å redusera risikotilhøva.

Avvikshandtering (§ 5 punkt 7)

I samsvar med internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 skal verksemda iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge overskridingar av krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslvgivinga. Relevante rutinar kan vere rutinar for korleis vedlikehald skal gjennomførast, drift av reinseanlegga, handtering av avfall og avvikshandtering.

Avviket er basert på følgjande:

Miljørisikovurderingar og handlingsplanar (§ 5 punkt 6)

Kommunen er i gang med å utarbeide ei miljørisikoanalyse for avløpsanlegga (sjå punkt 9 under), men manglar framleis ein heilskapleg plan (temaplan/kommunedelplan e.l.) for tiltak på avløpsområdet.

Avvikshandtering (§ 5 punkt 7)

Kommunen sitt system for registrering og handtering av avvik er framleis mangelfullt. Det er ikkje etablert spesifikke rutinar for avvikshandtering når det gjeld ytre miljø i kommunen.

Driftsavvik på Maurset reinseanlegg blir logga i driftskontrollsystemet til kommunen, og informasjon om avvik blir munnleg informert om til overordna. Isdøla reinseanlegg er eit heilt analogt anlegg og er derfor ikkje inkludert i driftskontrollsystemet. Avvik frå reinsekrav har ikkje blitt registrert som avvik eller følgt opp. Klager har blitt lagra og handtert som eigne saker i kommunen sitt sakshandsamingssystem.

8 Merknader

Vi gav ingen merknader under inspeksjonen.

9 Andre forhold

Nytt reinseanlegg

Eidfjord kommune er i gang med planprosessen for bygging av nytt reinseanlegg i Sysendalen. Kommunestyret fatta vedtak om plassering av nytt reinseanlegg 31. januar 2022. Plasseringa har sidan den gong blitt endra til Gardsmyrane, jf. vedtak i kommunestyret 30. mai 2022. Sweco Norge AS er leigd inn på rammeavtale for å hjelpe kommunen med arbeidet. Det er utarbeida ein framdriftsplan for prosjektet som vart oversendt Statsforvaltaren 1. februar 2022. Kommunen er framleis i rute i høve til denne planen, og ein reknar med å få vedtatt reguleringsplanen for området innan sommaren 2023.

Nytt løyve

Eidfjord kommune sitt utsleppsløyve for Maurset og Isdøla reinseanlegg er utdatert og det er derfor behov for å utarbeide eit nytt utsleppsløyve for områda som i dag er knyta til desse reinseanlegga. Kommunen er i gang med å få utarbeida søknad om nytt utsleppsløyve. Det vart på tilsynet opplyst om at søknaden vil bli sendt inn til Statsforvaltaren seinast i slutten av februar 2023 i samsvar med framdriftsplanen som vart oversendt Statsforvaltaren 1. februar 2022.

Resipientundersøkingar

Det er gjennomført resipientundersøkingar for reinseanlegga i samsvar med oversendt overvakingsprogram. Resultata syner dårleg tilstand med omsyn til botndyr, men ingen tydeleg endring i tilstand ved samanlikning av prøver opp- og nedstraums. Det er mogeleg at botndyrprøvane har blitt tatt for grunt i elva. Resultata av dei andre parametranne viser

god/svært god tilstand. Rapport frå overvakinga vil bli utarbeida i januar/februar 2023. Statsforvaltaren ber om å få tilsendt rapporten når den ligg føre.

Miljørisikovurderingar og handlingsplanar

Ved førre tilsyn fekk Eidfjord kommune avvik på manglande miljørisikovurderingar og handlingsplanar for avløpsanlegga. Kommunen er i gang med å utarbeide ei miljørisikovurdering for avløpsanlegga, og vil ferdigstille denne i slutten av februar 2023. Statsforvaltaren ber om å få tilsendt kopi av miljørisikovurderingane og tilhøyrande handlingsplanar når dette ligg føre.

Kommunen må også sørge for at det blir utarbeida ein overordna heilskapleg plan for avløpsarbeidet i kommunen, jamfør avvik 2.

Optimaliseringstiltak for eksisterande anlegg

Kommunen har med hjelp av Krüger Kaldnes gjennomført optimaliseringstiltak ved Maurset reinseanlegg i 2022. Begge løp i anlegget er tekne i bruk, og ein har teke i bruk filterreinsetrinnet ved anlegget. Det er også gjort tiltak på grovsila på innløpet. Endringane ved anlegget var ferdige hausten 2022. Vassmengdeproporsjonal prøvetaking var først på plass ved prøvetakinga i desember 2022. Førebels er det difor få (representative) analyseresultat som kan vise resultatata av tiltaka. Statsforvaltaren ber om å bli orientert om resultatata frå anlegga og optimaliseringstiltaka ettersom ein får oversikt over korleis anlegget no fungerer.

Prøvetaking

Ved førre tilsyn fekk Eidfjord kommune avvik på manglande akkreditert prøvetaking ved reinseanlegga. Kommunen gav tilbakemelding på at dei ikkje vil innføre dette ved dei gamle reinseanlegga, men at dette vil bli ivaretatt ved nytt reinseanlegg. Kommunen informerte på tilsynet om at det no er tilrettelagt for representativ prøvetaking og vassmengdemåling ved dei eksisterande anlegga. Kommunen manglar førebels vassmengdemåling på overløp ved reinseanlegga.

Om kommunen sin organisering og ressursavsetting for retting av avvika

Eidfjord kommune har i 2022 tilsett ein ny sakshandsamar på VA som vil få ansvar for ein del av arbeidet med å rette avvika frå tilsynet 7. september 2021 og oppfølgingstilsynet 19. desember 2022. Kommunen opplever at det er svært vanskeleg å få tak i personell til å fylle stillingar innanfor VA. Det er også i mange tilfelle behov for (etter)utdanning av personell som skal inneha desse stillingane, då aktuelle kandidatar ofte ikkje har bakgrunn frå VA-bransjen. Utdanningsopplegget som finst i dag er ikkje tilpassa kvardagen til mange av arbeidstakarane som treng vidare-/etterutdanning. Kommunen ønskjer seg eit utdanningsopplegg som er betre tilpassa folk som allereie er i jobb, både med tanke på undervisningsopplegg og fagleg innhald.

10 Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Forureiningsforskrifta
- Internkontrollforskrifta

Anna dokumentunderlag:

- Inspeksjonsrapport frå tilsynet 7. september 2021, datert 14. oktober 2022
- Kommunikasjon i etterkant av tilsynet 7. september 2021:
 - Eidfjord kommune sitt brev med svar på pålegg om opplysningar datert 10. desember 2021
 - Statsforvaltaren si tilbakemelding datert 6. januar 2022
 - Eidfjord kommune sitt brev med ytterlegare tilbakemelding etter tilsynet datert 1. februar 2022
 - Statsforvaltaren sitt brev med avslutning av tilsynet datert 24. februar 2022

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

1. Framdriftsplan for nytt reinseanlegg
2. Førebelse skisser frå planforslag for nytt reinseanlegg
3. Analyseresultat og vassmengdemålingar frå utsleppskontroll 2022
4. Resultat frå resipientgranskingar 2022

11 Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Forureiningslova § 7
- Kontrollgebyr: <https://www.miljodirektoratet.no/om-oss/roller/tilsyn/gebyr-ved-kontroll/>